

Innspel til vilkårsrevisjonen.  
Sak nummer 201913014

## **1. Røldalsvatnet**

Røldalsvatnet må vera oppe på kote 379 m.o.h. frå 1.juni til 1.oktober.

**2. Max senking av Røldalsvatnet 8 meter.**

### **Grunngjeving:**

Røldalsvatnet ligg midt i bygda og er synleg for turistar og alle som kører gjennom bygda og alle som bur her. Det er svært stygt og øydeleggande for synsinntrykket av denne vakre bygda når det er nedtappa om våren og vinteren.

Denne voldsomme reguleringa gjer bruken av vatnet vanskeleg både sommar og vinter. Det er ikkje råd å bruka isen om vinteren slik som før. Tidleg på sommaren gjer senkinga av vatnet det vanskeleg med båt og fiske. Det er i tillegg grusomt stygt og vondt for auga å gå med båt langs land å sjå desse nakne svarte urene og kvite berg, nakne utrasa bekkefar og sandstrender rundt eit elles vakkert vatn.

**3. Betre adkomst med flytebrygge /båthamn/ køyreveg til Røldalsvatnet Votna og Valldalen. Dette etter avtale med berørte partar.**

## **4. Tiltak mot frostrøyk.**

### **Grunngjeving:**

I kalde periodar om vinteren vert det frostrøyk som sig innover bygda og heilt opp til Hamre. Dette er svært utriveleg og er påført oss av kraftselskapet. Det må kunna takast hensyn til i dei periodane det gjeld med å stoppa/redusera køyringa eller gjera tiltak for å unngå frostrøyken.

## **5. Minstevassføring.**

Fleire vasspeglar og minstevassføring i alle elvar og bekker som er regulerte. Lokale folk og fagfolk må vera med å utforma desse tiltaka.

### **Grunngjeving:**

Dette vil pynta opp og gje elvar og bekker med lite vatn eit finare visuellt uttrykk saman med at fisk får betre tilhøve i alle regulerte vassdrag der det naturleg er og har vore fisk.

Storelva er særskilt viktig.

Vatn i Novlefoss seks timer om dagen frå 1.juni til 1.september. Dette må avtalast særskilt og saman med kraftselskapet.

## **6. Villreinen**

Betre tilhøva for villreinen der det i dag er barrierer som er årsaka av kraftutbygginga.

## **7. Næringsfond**

Tilføra kommunen sitt næringsfond seks millionar, indeksregulert kvart år, der ein million skal øyremerkast Røldal. Dette må følgje konsesjonen som Lyse kraft har fått til evig tid.

### **Grunngjeving:**

Då det ikkje vart heimfall av kraftproduksjonen i Røldal vart kommunen fråteken store verdiar som no vert overført til andre kommunar.

Kommune og bygdafolk har litt på og venta på heimfall. Me vart lurt trill rundt og dette visar at ein avtale som vart skriven i 1960 åra var null verdt. Ikkje eingong Stortinget er å lita på for oss i bygdene. Var dette lovleg vedtak?

Me føler det er svært urimeleg og urettferdig sjølv om me får konsesjonsavgifter osv. Desse avgiftene er lite i forhold til kva me ville fått med heimfall. Det er derfor rimeleg at me får seks millionar som nemnt over, til evig tid som kompensasjon i tillegg til konsesjonsavgiftene.

## **8. Røldal bygdalag**

Årlege 300000 kr. indeksregulert til Røldal bygdalag som følger konsesjonen til Lyse.

Då Lyse har fått avtale til evig tid med våre vassresurser må det vera det minste me kan forlanga og dette sjølv sagt til evig tid.

Det gjeld både næringsfond til kommunen og denne vesle summen til Røldal bygdalag som består av alle som har adresse 5760 Røldal. Med denne adressa vert du automatisk medlem. Laget er styrt av demokratiske valg med årsmøte kvart år der alle over 16 år har stemmerett.

### **Grunngjeving:**

Røldalsbygda og naturen her er svært belasta med kraftutbygginga som var i 1960 åra. Det er me som bur her som kjenner og ser alt dette i kvardagen. Vatnet midt i bygda vert senka med sytten meter. Det er ingen stad i Norge at ei slik regulering vert gjort i eit vatn midt i eit lokalsamfunn. Derfor kan ikkje dette danna presedens for andre stader.

300000 kr. til evig tid synes me er lite å forlanga som kompensasjon for ulempene. Det er småpenger, men det er pengar som kan brukast i bygda til trivsel og nyttige formål for alle. Det føles nokså urimeleg at våre verdiar vert henta ut or bygda og fordelt på andre kommunar som brukar våre verdiar til å utvikla eigne tilbod.

Det er nedverdigande og lite kjekt å stå med «huvo i handa» å be om pengar frå våre eigne kraftverdiar som har gjeve naturen vår store sår.

## **9. Adkomst**

Sikker adkomst til Valldalen og Votna sommar og vinter.

## **10. Rydding**

Rydding langs alle regulerte elvar og vatn kvar vår.

## **11. Arbeidsplasser**

Minimum seks arbeidsplasser med oppmøtestad Røldal.

### **Grunngjeving.**

I starten på denne kraftproduksjonen var det opp mot 80 arbeidsplasser i Røldal Suldalvassdraget. No er det kun ein med oppmøtestad Røldal.

## **12. Flaum**

I samband med utbetring av overløp og slukeevne på Valldalsdammen er det viktig å sjå på om det er nok slukeevne i vasstunellen innmed gamla ysteriet og Kloppene i Røldal. Dette går me ut frå at NVE tek alvorleg og utbetrar om naudsynt. Likeeins at det er fribord på dammane som kan forårsaka flaum i Røldal og vidare i vassdraget. Det må sikrast at utløpet frå Røldalsvatnet i Botnen har nok kapasitet til å sveglja unna.

## **13. Anleggsvegane**

Bygdafolk med fiskekort og jaktkort må få tilgang til alle anleggsvegane då mange av desse ligg i Røldal Statsalmennings.

Ikkje fri ferdsel for alle, det vil vera mot sin hensikt.

## **Sluttord**

Me som bur i Røldal håpar og trur at NVE vil ta hensyn til natur og folk når dette skal vurderast. Me er ca. fire hundre som bur her og føler me har bidrige stort med kraft til storsamfunnet.

Det som er endå verre er at me vart frårøva heimfallsretten rett før den skulle setjast iverk.

Stortinget og storsamfunnet svikta oss totalt. Me var ikkje med på eit einaste møte før Lyse kraft DA vart presentert som ny eigar av våre vasskraftressurser.

Ikkje eingong Stortinget kan me lita på, då må NVE forstå at me har vanskar for å lita på det som vert sagt og skrive.

No har NVE, departementet og Lyse kraft DA høve til å bøta på litt av uretten me har måtta fåla.

Styret

Røldal bygdalag

Oddbjørn Lynghammer

Leiar